



# IHM

# info

Indre Hordaland Miljøverk Informerer – Desember 2003

## Opning av ny miljøstasjon i Eidfjord

Torsdag 6. november vart den nye miljøstasjonen til Indre Hordaland Miljøverk i Simadalen opna. På plass var Svein Hop frå Eidfjord kommune og folk som hadde teke turen innom miljøstasjonen. 3. og 4. klassen frå Læg Reid skule var spesielt invitert til opninga.



Kåre Flatlandsmo (t.v.) og Knut Thorseth (t.h.) held snora og 3. og 4. klasse ved Læg Reid skule hjelper Svein Hop med snorklyppinga.

Etter snorklyppinga var det uteservering av marsipankake, bollar, kaffe og Hardangerjuice. Både små og store kosa seg i finværet.

På den gamle miljøstasjonen sto containerane rett på bakken, og det var ikkje alltid like lett å kome til med det ein skulle kvitte seg med. No er det laga til ein rampe slik at bilane kan kjøre opp på rampa og kaste ting ned i containerane. På den måten er den nye miljøstasjonen meir publikumsvenleg etter opprustinga. Det er også kome på plass lagerbygning for avfall til gjenvinning som bør lagrast under tak.

Miljøstasjonen i Simadalen er open kvar torsdag frå kl. 12.00 til 18.00.

På miljøstasjonen kan ein levere glas, papp, papir, drikkekartong, plast, isopor, tre, metall, klede, sko, elektriske artiklar og farleg avfall m.m.

IHM vonar at innbyggjarane i regionen vert nøgde med den nye miljøstasjonen, og at eit besøk her vert ei positiv oppleving. [ellen@ihm.no](mailto:ellen@ihm.no)



Triveleg uteservering på gjenbrukte stolar og bord! Bollane og juicen var ikkje resirkulert!

## O jul med din glede...

På side 2 og 3 finn du tips som er lure å ha i tankane no, når jula står for døra!



Kva gåvene inneheld er hemmeleg, men den vetle frøkna forsikrar om at ho ikkje har kjøpt blenkjande eller snakkande leiker.

## Renovasjon for fritidsbustader

Så langt har det ikkje vore lagt til rette for renovasjon for alle fritidsbustader i IHM sine kommunar. Dette vert no retta på, og arbeidet er starta opp i Voss kommune. Det vil verte plassert ut containerar eller behaldarar for hytteavfall i nye område, og nye abonnentar vil verte tilskrivne.

Adresse: Postboks 161, 5701 Voss  
Kontor: Vangsgata 22B, 5700 Voss  
Telefon: 56 52 99 00  
Telefax: 56 52 99 01  
E-post: [ihm@ihm.no](mailto:ihm@ihm.no)  
Heimeside: [www.ihm.no](http://www.ihm.no)



**Indre Hordaland  
Miljøverk**

er eit interkommunalt avfallsselskap for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss.

### Administrasjon:

Kåre Flatlandsmo, dagleg leiar  
Helen K. Søbye, kontorleiar  
Gunnar Bråten, driftsleiar  
Ellen T. Astrup, leiar info og miljø

Samstundes som dei etablerte avfallsordningane skal gå sin gang, er IHM inne i sin kraftigaste investeringsperiode nokon sinne. På få år skal IHM byggje ut for nærare 30 millionar kroner i eit investeringsprogram som vert avslutta hausten 2004. Dette vonar me sjølvsagt skal vise att i form av eit meir effektivt selskap som er tilpassa dei krav som er stilt til avfallssektoren.

Deponigassanlegget på Bjørkemoen som vart opna av Fylkesmannen mot slutten av fjoråret, har vist seg å gje stabile mengder med metangass. Ved å styre denne gassen mot energi-produksjon heller enn mot klimagassutslepp, vert det nok energi til rensing av sivevatnet. Slik oppnår me ein vinn-vinn situasjon når det gjeld miljø og økonomi. Dette er ein medverkande årsak til at me også for 2004, som er det førebels siste av dei tunge investeringsåra, kan leggje fram eit budsjett uten den store kostnadsauken. Rett nok må hytteeigarane tåle ein gebyrauke som bringar dei opp mot nivået til dei andre kommunane i Hordaland, men for hushalda vert det ein beskjeden auke på 1%.

Og det er ikkje berre på Bjørkemoen det skjer positive ting. Det har nyleg vore opning av den nye miljøstasjonen i Simadalen i Eidfjord. Når dette nummeret av IHM-info ligg i postkassa, er den nye miljøstasjonen i Jondal også opna. På begge stasjonane er det lagt vekt på brukarvenleg og oversiktleg utforming slik at det skal vere lett å finne fram og lett å halde ryddig. Slik vert miljøstasjonen ein triveleg stad å kome til. Og til brukarane vil me seie: Ta miljøstasjonane i bruk - og bruk dei flittig!

Kåre Flatlandsmo  
kaare@ihm.no

## O jul med din glede...

**Jula nærmar seg, og med det også julehandelen. Det er mange gode grunnar til å tenkje alternativt før ein tek fatt.**

**I ei tid då fleire og fleire «har alt» er det kanskje tid og felles opplevingar som er den største mangelvara. Ei oppleving som til dømes teater eller kino gleder kan hende meir enn endå ein ting å setje i hylla. Eller kva med ein romantisk middag?**



Massasje og aromaterapi er ofte luksus ein ikkje unner seg i det daglege og er den perfekte julegåva til travle kvinner. Dersom det følgjer barnevakt med på kjøpet til ei småbarnsmor, kan det ikkje verte betre!

Det kan og vere kjekt å få ei reise. Ein treng ikkje alltid å dra så langt... Eller kan hende vert ein meir lukkeleg av å få eit kurs ein har hatt lyst på. Handtverkshjelp, snømaking, hjelp i hagen eller heimebakst er og gode alternativ til dei tradisjonelle julegåvene.

### Ver medviten på kva du kjøper


Unngå å kjøpe gaver som inneheld miljøskadelege stoff. Alle produkt skal ha ein deklarasjon over kva stoff dei inneheld. Sjå etter miljømerking (sjå s. 4).

### Kjøp saman med andre

Om fleire går saman om å handle gaver, vil ein lettare kunne få råd til gaver av god kvalitet.

### Kjeldesorter

Den auka varehandelen i desember fører til stor auke i avfallsmengda kring jul og nyttår. Det er derfor viktig at ein ikkje tek fri frå kjeldesorteringa! Spesielt viktig er det å levere alt elektrisk og elektronisk utstyr tilbake til forhandlar, eller til miljøstasjonen når det har vorte avfall (neste side). Til dømes vert det kvart år importert over 400 tonn elektriske juletrelys til Noreg. Lysa inneheld miljøfarlege stoff som bly og brom.



*Ein treng ikkje alltid reisa så langt... Hardanger og Voss byr på mange gode reisemål!*

## Julepapir skal i restavfallet

Gåvepapir skal ikkje i papirdunken. Grunnen til dette er at det stort sett inneheld for mykje farge og for lite fiber til at ein kan gjenvinne det som vanleg papir. Kast difor julepapir i restavfallet.

ellen@ihm.no



**Har du spørsmål om kjeldesortering og gjenvinning**

kan du ringe IHM, eller du kan prøve LOOP sin avfallsvegisar. Du finn ei lenkje til avfallsvegisaren på våre heimesider: [www.ihm.no](http://www.ihm.no).

# Elektriske og elektroniske leiker

Dei fleste elektriske og elektroniske produkt inneheld helse- og miljøfarlege stoff. Nokre av dei verste er tungmetall som kvikksølv, kadmium og bly. Kvikksølv finn me mellom anna i knappcellebatteri. Mange produkt er og tilsett stoff som skal hindre at dei tek fyr. Slike flammehemmarar, til dømes dei bromerte, er tungt nedbrytbare og kan føre til skade både på helse og miljø.



I dag vert stadig fleire leiker elektroniske. Du kan finne elektronikk i alt frå dokker og kosedyr til pennar og fødselsdagskort! At desse produkta inneheld skadelege stoff er det dessverre få som veit.

IHM tok turen innom ein leiketøybutikk for å sjekke. Ingen av dei som besøkte Leikestova den tida vi var i butikken, hadde høyrte at slike leiker kunne innehalde farlege stoff.

For at desse miljøgiftene ikkje skal havne på avvegar, er det viktig at produkta vert teke hand om på rett måte når dei går sund og blir til avfall. Det enklaste du kan gjere når elektroniske leiker vert øydelagde, er å ta dei med til ein leiketøybutikk der dei sel slike leiker. Her kan du levere dei gratis! Du kan og levere slikt gratis på den sentrale miljøstasjonen i kommunen.

[ellen@ihm.no](mailto:ellen@ihm.no)



Dei blide damene som driv Leikestova, Målfrid og Randi, seier at det er få som veit at elektroniske leiker kan leverast tilbake til butikken når dei er vorte øydelagde.

**Sjå etter dette merket!**



Alle forhandlarar som sel leiketøy som går på straum eller batteri har plikt til å ta produktet attende når det ikkje lenger fungerer. Dette gjeld og bokhandlarar, kioskar og daglegvarebutikkar som til dømes sel Donald Duck med små «duppedittar» som blenkjer, fødselsdagskort som lagar lyd og anna.



Innmaten i ein elektronisk bil. Kretskort, brytarar og leiingar inneheld tungmetall og andre helse- og miljøskadelege stoff. Dersom miljøgifter som dette kjem på avvegar, kan det føre til skade på menneske og miljø, som til dømes kreft, endringar i arvestoff eller skade på foster.

# Innsamling av plastemballasje

**Hugs** å bruke den spesiellaga sekken du har fått utdelt når du samler plastemballasje! Sekken er laga slik at du kan knyte han godt att. Han er og gjennomhola av små hol, slik at han tåler presset han vert utsett for i bilen som hentar papir og plast.

Dersom du treng sekker, kan du henge lapp med melding på papirdunken (blå) når du set dunken fram. Eller du kan hente ein ny rull på:

- Tenestetorget/Teknisk kontor i kommunen din
- Den sentrale miljøstasjonen i kommunen eller på Bjørkemoen
- Kontoret til IHM

Dersom du er der når ein av renovasjonsbilane kjem forbi, kan du og spørje om å få ein ny rull.

Knyt ikkje sekken med plastemballasje fast i papirdunken! Det vert mykje arbeid for renovatørane å få sekkene lause att.

## Gjer sorteringsjobben enklare!

IHM forhandlar sekkestativ. Vi har frittstående stativ (biletet) og enkle stativ til å montere på vegg. Dei store stativa høver best til verksemdar som har større mengder plastemballasje og til bønder som sorterer landbruksplast, medan det enkle stativet passer fint på ein garasjevegg. Kontakt IHM dersom du er interessert i ei slik løysing.

ellen@ihm.no



## Miljømerking



Det er ikkje alltid like lett å finne fram i jungelen av ulike produkt dersom ein ønskjer å gjere rette miljøval. Med miljømerkene *Blomsten* og *Svanemerket* vert valet enklare. *Stiftelsen Miljømerking i Norge* gjer j obben med å stille miljøkrav og kontrollere at produkta oppfyller krava. Merka er ein garanti for at dei ulike produkta held ein høg standard med omsyn til miljø og kvalitet. Slik vert det enklare å velje riktig.

*Stiftelsen Miljømerking i Norge* har fått nye heimesider: [www.ecolabel.no](http://www.ecolabel.no). Denne finn du og under «grøne lenkjer» på [www.ihm.no](http://www.ihm.no).

ellen@ihm.no

## Container for glas- og metallemballasje

<b>Eidfjord</b>	Eidfjord sentrum Øvre Eidfjord
<b>Jondal</b>	Jondal sentrum Herand Kysnes ved butikken Torsnes ved kryss ned til kaien
<b>Granvin</b>	Eide ved Samvirkelaget Øvre Granvin ved butikken Kvannal ved campinga
<b>Ullevang</b>	Kinsarvik på ferjekaien Lofthus Hovland Nå Velure Utne Djønno
<b>Ulvik</b>	Brakanestunet Tyssevika

<b>Voss</b>	Bolstadøyri Evanger, parkeringsplass ved sentrum Bulken på jernbanestasjonen Vangen bak COOP MEGA Vangen bak Idrettshallen Fraktgodsen Amfi Voss Skulestadmo ved COOP Prix Skulestadmo ved Super Spar Voss Palmafossen ved Kiwi Dalsleitet ved SparMat Bordalen ved butikken Oppheim ved Bua Vinje ved Handelslaget
-------------	--



Indre Hordaland Miljøverk arbeider med kommunale renovasjonsordningar og miljøvenleg avfallshandsaming i desse kommunane



EIDFJORD  
KOMMUNE



GRANVIN  
HERAD



JONDAL  
KOMMUNE



ULLENSVANG  
HERAD



ULVIK  
HERAD



VOSS  
KOMMUNE